



Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13520 - 21/47224

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
29.06.2021

## Oversender vedtak om dispensasjon frå plankravet for oppføring av einebustad til klagevurdering - gbnr 322/97 Mjåtveit

### Saksopplysningar

Eigedom: Gbnr 322/97  
Adresse: Eigedomen har ikkje adresse. Postnr. er 5906 Frekhaug  
Tiltakshavar/eigar: Rune Rading sidan 17.10.2014  
Klagar: Rune Rading representert av advokat Sigrun Pedersen

### Saka gjeld

Saka gjeld klage på delegert vedtak i sak 20/13520, datert 17.01.2021, om avslag på søknad om dispensasjon frå plankravet for oppføring av einebustad – gbnr 322/97.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 23.06.2021, der Alver kommune sitt vedtak datert 17.01.2021 ikkje vart oppretthaldt og klagen vart tatt til følgje. Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

### «APM- 113/21 Vedtak:

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 20/13520, datert 17.01.2021, vert oppheva.

Med heimel i plan-og bygningslova § 19-2 andre ledd, jf. pbl § 11-6 første ledd, vert det gjeve dispensasjon frå plankravet i føresegn 1.2.1 til kommunedelplan for Meland for oppføring av einebustad i to etasjar og garasje med tilkomstveg på gbnr. 322/97.

Som grunngeving for vedtaket vert det vist til følgjande moment:

- Tomta er sikra rett til etablering av infrastruktur knytt til tilkomstveg, vatn og avlaup
- Ein einebustad på denne staden vil skapa variasjon i busethaden i området.
- Tomta ligg inneklemt mellom dei to regulerte tomtene gnr 322 bnr 13 og bnr 187, slik at tomtestorleiken er definert allereide.
- Det er ingen merknader frå naboar til søknaden.
- Det vart gjeve dispensasjon for tilleggsareal til tomte i 2020 slik at den kunne verta teneleg til

bustadtomt.

- Tomta har eit areal på ca 652 m2 og omsøkt tiltak (einebustad med tilkomst og garasje) har ein storleik som sikrar at krav knytt til uteopphaldsareal, høgde, volum, utnyttingsgrad med vidare definert i kommunedelplanen for Meland sine føresegner i punkt 2.1.1a kan innfriast.
- I kommunedelplanen for Meland er tomta vist med byggjeføremål.
- Utnyttingsgraden vert under 30 % BYA og det sikrar at tomta får gode kvalitetar for uteopphald.
- Tiltaket vil ikkje koma i konflikt med registrerte natur eller miljøverdiar eller ålmenne interesser.
- Det er i brev dagsett 04.01.2021 gjeve løyve frå fylkeskommunen til utvida bruk av avkøyrsløse frå FV 564.

Utval for areal, plan og miljø meiner at dei omsyna som ligg bak plankravet ikkje vert vesentleg tilsidesett om det vert gjeve dispensasjon, jf. kravet i plan- og bygningslova sin § 19-2. Vidare meiner utvalet at fordelene ved å gje dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 er klart større enn ulempene. Det vert vist til grunngjevinga i kulepunkta ovanfor."

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klaga på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post [tone.furustol@alver.kommune.no](mailto:tone.furustol@alver.kommune.no) eller på telefon 56375401/97513452.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Stadfester oversending av journalposter med vedlegg - sak 20/13520- politisk sak 113/21 - APM 23.06.2021

Ettersending av 2 journalposter med vedlegg til APM møte 23.06.2021 - politisk sak 113/21 - gbnr 322/97 Mjåtveit

Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå plankravet for oppføring av einebustad - gbnr 322/97 Mjåtveit

Søknad om dispensasjon fra plankrav - gbnr 322/97 Mjåtveit

**Vedlegg:**

Situasjonskart

Teikning1

Teikning 2

Teikning3

Planteikning 1.etasje

Retningslinjer for uteoppholdsareal

Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå plankravet for oppføring av einebustad - gbnr 322/97 Mjåtveit

Klage over vedtak om avslag på søknad om dispensasjon fra plankrav vedr. gbnr. 322/97 Mjåtveit

Avslag på søknad om dispensasjon frå plankravet - gbnr 322/97 Mjåtveit

Privat avtale av 24.11.2020 - gbnr. 322/97 Mjåtveit

Søknad om fritak frå bygge- og deleforbod av 09.07.2020 - gbnr 322/97 Mjåtveit

Uttale - Dispensasjon frå kommuneplan - Oppføring av bustad - Fv 564 - gbnr 322/97 Mjåtveit

Løyve til utvida bruk av avkjørsle - Fv 564 - gbnr 322/97 - Alver kommune

Uttale - gbnr 322/97 Mjåtveit - oppføring av bustad - dispensasjon

situasjonsplan\_Kart\_GBNR 322/97 Mjåtveit

Uttale - gbnr 322/45 Mjåtveit - avkjørsle frå kommunal veg

Avtale om vann/avløpstunnel

Kart og foto til saksframlegg - gbnr 322\_97 Mjåtveit

Søknad om dispensasjon fra plankravet av 17.11.2020 - gbnr 322/97 Mjåtveit

Kopi av tidlegare sendte eposter - klage til søknad om dispensasjon fra plankrav vedr. gbnr 322/97Mjåtveit

Vedlegg 1 til supplement til klage

Vedlegg 2 til supplement til klage

Vedlegg 3 til supplement til klage

**Kopi til:**

Advokatfirmaet Sigrun Pedersen	Postboks 168	5873	BERGEN
Advokatfirmaet Sigrun Pedersen	Postboks 168	5873	BERGEN
Rune Rading	Postboks 40	5906	FREKHAUG
Rune Rading	Postboks 40	5906	FREKHAUG

**Mottakarar:**

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
------------------------	---------------	------	--------